

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2008

- **Varhaug-
marken**
6. og 7. juni
- **Tredag:**
Ongaløp
og turn
Rita Fotland
m. fl.
- **Laurdag:**
Varhaugmilå
Innslag frå
UKM
- **Hestekøyring**
og mykje meir



GOD SOMMAR!

Aktivitets- dag på Holmavatn

Sundag 18/5 hadde Svala 4H aktivitetsdag på Holmavatn. Familiar og venner var velkomne. Veret såg ei stund litt utrygt ut, kanskje det var grunne til at ikkje så mange møtte? Dei som deltok såg ut til å kosa seg. Møtet starta med grilling og mat i friluft. Alle som ville fekk prøva både pinnebrød og pannekakeskiver. Det var moglegheit for å padla i kano, fiske og andre aktivitetar. Kanoane blei godt brukte, og me brukte også nokre trøbåtar.

Møtet var vellukka!

Neste medlemsmøte med Svala 4H skal vera 25. august. Då blir det krabbetur i Bodle der familie og venner er velkomne.

Det blir haustfest i Svala 4H 17. oktober 2008. Sett av datoen på kalenderen nå ! Då kan de blant anna få sjå utstillinga av alle prosjekta som medlemmane har arbeid med igjennom 4H-året. Her er mykje flott arbeid!

44



NORGESHUS
Varhaug

BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s

Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynett.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS

Velkommen til Varhaugmarken 6. og 7. juni

- Så er det klart for marken igjen, der ein kan finna noko for både store og små. *Marken tek til fredag kl. 17.00 med ongaløpet.* Dette er alltid eit gildt innslag med foreldre, og andre føresette som heier ungane fram.
 - Etter den offisielle opninga *kl. 18.00 vert det song av Rita Fotland m.fl. i tillegg til "Syng med oss".*
 - Så vert det ei øving i regi av *Røde Kors og turnoppvisning for Silo og Saft spelar fram til kl. 21.00* og buene stenger for dagen.
 - Siste post for dagen er sosialt samvær i "Vaksenteltet".
-
- *Lørdag starter som vanlig med gratis frokost kl. 8.30.* Så opnar buene, det vert trekkspel frå scenen og seniordansen er med i år og.
 - Elles vert det både *gatefotball og gatehandball.*
 - Det vert tid til både *musikk av korpset og Hå rock* i tillegg til *gamaldans for Varhaugmilå* starter *kl. 12.30.*
 - Etter at denne er ferdig kjem *hittegodsauksjonen* for me får eit lokalt innslag frå *Ungdommens kulturmonstring - UKM.*
 - Kl. 15.0 er Marken slutt for i år

Både på fredag og lørdag er det gode tilbud i butikkane og buene. Tradisjonen tru er bygdekvinnelaget på plass i teltet begge dagane. Denne gongen berre med flatbrødssteiking. I tillegg sel dei kaffi og lapper i bondeteltet.

Det vil og verta høve til å få seg ein tur i hestevogna.

Så er det berre å håpa at det flotte mai-veret til vara ut i juni og.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget
Lerbrekk skule

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.


*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekleknad god.*

Men ein og annan merkestein

held fast eit minne enn

*der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Kulturvår på Varhaug

Det er vår på Varhaug. Vipa har for lengst bygt reir. Og medan vår kjære fugl styrar med sitt forgjengelege byggverk og sine små dunnyste, er nye generasjonar varhaugbuar i ferd med å byggje sine permanente reir rundt omkring. Bratlandsmarka er eit svært synleg teikn på at bygda veks.

Vakre Varhaug myldrar for tida av utandørs aktivitetar, sol og milde medvindar. Vårfriske plenklypparar med ny, syntetisk olje og fabrikk-kvesste knivar lagar gromme vårlydar i bustadfeltet. I godt selskap med lågmælte lydar frå dei biologiske grasnagarane som myldrar rundt oss på alle kantar. Sauer, lam, kyr og ungdyr, produserer ein perfekt, sommarleg og litt søvndyssande bakgrunnslyd der eg har flata ut på min oljefattige terrasse for ein svært forten, lengre ettermiddagspause.

Nå skal eg nyte sola, varmen og våren i hagen. Med is, avis og raud-emballert traktekaffi frå forbrukarsamvirket. Med meir solkrem og solbriller enn klede på min vinterbleike, framtunge kropp. I ein veltesikker hagestol med ekstra polstring som kan leggjast laaangt bak.

- Har du skrive deg på lista? Ropet frå den vegfarande joggaren riv meg brutalt ut or svevnen og får stolen opp i loddrett posisjon i løpet av eit halvt mikrosekund. - Kva for ei liste, gaular eg irritert mot vegen. Den vegfarande himlar med augo over mi vankunne, og svarar kjapt medan han trimmar vidare på lette tilbods-sko frå Lars Gaute: - Det er for tida berre ei liste som gjeld på Varhaug. Lista med venene til løa på Lensmannsgarden!

Engasjementet for eller mot konservering av lensmann

Gausland sin ein gong vakre driftsbygning har vore sterkt i bygda vår. Varhaugbuen hadde truleg ikkje blitt meir alterert om Hå kommune hadde gått inn for sterk skatteskerping og obligatorisk dugnad for å få bygd eit operahus til 13 milliardar i Kviamarka.



Jærbladet må ta sin del av æra for å hause opp stemninga. Dei har prioritert løesaka med tallause spaltemeter og synt fleirfaldige forvitne fargebilete av gilde sambygdingar på eine eller andre sida i den våryre rivestrident. Og midt i mylderet av sterkt uroa barnehagetilsette som ville ha løa vekk før takpannene på nytt daler ned frå sky, og midt blant like sterkt frustrerte løe-vener væpna med ladd spikerbelte og bitande tommestokkar, stod kommunens folkevalde med viktige og uutgrunnelge budsjetttrynker i sine panner. Deira jobb var å falle ned på eit vedtak. Gjerne før løa falt ned av seg sjølv.

Det er på tide å lene solstolen bakover att og freiste å finne normalpuls. Politikarane greidde det før løefall. Vedtaket kom. Løa står, og alle varhaugbuer er vener.

Ein lang og venteleg solrik sommar ligg framføre oss. Nytt sommaren. Alle bør vere utkvilt til hausten og årstida for den årvisse kampen om å få symjebasseng på Varhaug. Den kampen er like gammal som løa på Lensmannsgarden.

Sjur



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE Halvorsen

Varhaug
Tlf.: 51 43 03 06 / 51 43 05 97

Bygde-kvinnelaget



Bygdekvinnelaget hadde torsdag etter-middag ein flott tur til Skåra. Dette både for å sjå det flotte hageanlegget til ekteparet Terland, og ikkje minst for å kjøpa stauder.

Me hadde med grillmat, og både den, og kaffien og lappane som vart servert smaka utruleg godt i det flotte sommarveret.



Nokre frå bygdekvinnelaget var og med Jærhatten på tur til Finnøy og bedehusland førre veke. Sjå kor flot leiaren vår er med hatt



Frå redaksjonen

Først må eg seia meg lei for at det var nokre som fekk sist nummer av Varhaugbuen vel seint. Slik går det når ein skal prøva seg på eiga hand på ei ny rute. Skal nok klara det betre denne gongen for nå er Sigbjørn heime.

Ja, så er det tid for Varhaugmarken igjen. Utruleg kor fort eitt år går.

Eg tykkjer ikkje det er så lenge sidan eg sat her og skreiv om annonsebilaga som skulle vera i midten, slik at ein berre kunne riva det ut og ta det med seg, utan å øydelegga bladet. Men slik vart det diverre ikkje. Det er ikkje alltid at resultatet vert slik ein tenker, når det er fleire personar med i prosessen. Men i år trur eg det skal vera i orden.

I sist nummer skreiv eg at eg var ver-sjuk, og lei alt regnet. Nå kan eg i alle fall ikkje klaga på veret. Det har vore ein utruleg vår med sol frå blå himmel dag etter dag, og førsteslåtten er allereie over mange stader. Men det har heller vore ein kald nordavind, men me som er i jordbruket kjenner jo godt ordtaket "Mais kulde gjør bondens lader fulde". Men nå er det nok fleire som lengtar etter ei rotbløyte.

Det er i grunnen ei takksam oppgåve å vera redaktør i Varhaugbuen. Dei fleste leverar innlegga sine i rett tid, og dei som vert spurde om eit bidrag i form av annonser er og positive.

Varhaugbuen vil her få takka alle som støttar oss og me vonar at lesarane og vil støtta opp om desse. Me vil og få takka for bidraga som lesarane gir oss på den utsende giroen. Eg vil ynskja alt godt på Varhaugmarken. Eg får diverre ikkje vera med dykk då eg er på ferie, men eg vonar einkvan tek bilete som eg kan bruka i neste nummer.

God sommar til alle lesarane

Rydding i Varhaug sentrum



En dag for kort siden så det slik ut utenfor miljøstasjonen på Varhaug. Eg verken kan eller vil akseptere at NOEN forsøpler ditt og mitt nærmiljø på dette viset. Miljøstasjonen her og miljøstasjonen i Pytten på Nærbø er en flott ordning og gode ordninger lages IKKE for at de skal misbrukes. I Pytten kan vi kaste avfall gratis hvis vi bare gidder å sortere litt. Dette er en oppfordring til alle sambygdinger. Hald bygda og sentrum rein og ryddig

Dette er en pågående aktivitet. En god gjeng pensjonister er i aktivitet. De henter søppel og maler i undergangen ved behov. Meget bra.

Det nye for året er nå at de skal vatna amplane som henger på stolper og lysmaster innover mot sentrum.

Eg har registrert at Jernbanen på ny har erstattet knuste plexiglass (trur eg det heiter). Veit ikke hvor mange gonger det er gjort, i alle fall så mange ganger at det er en skam. Nå må også det være slutt. Vi kan IKKE akseptere at et fåtall skal herje med fleirtallet, for eg er sikker på at fleirtallet av bygdas innbyggere tar avstand fra gjentagen hærverk. Nå er det lyse kvelder og "faren" er ikke så stor, kanskje, for at noe skjer nå, men vi må sette inn ressurser til høsten og forhindre nytt hærverk. I vinter ble det kjørt inn i og øydelagt fasaden hos Sentrum Salongen. Det er på det rene at en ikke brukte sykkel for å få det til. Det er vel også en utbredt oppfatning at det ikke er sykkel som brukes som "rambukker" når glassene på Jernbanestasjonen knuses. Eg drister meg her til å utfordre Bondelaget til å ta et tak i forhold til (mis)bruk av traktorer i sentrum, uten at eg dermed har sagt at det nødvendigvis er traktorer som har blitt brukt, hver gang noe er ugreit. Det er imidlertid et faktum at det kjøres store traktorer i sentrum, og jeg kan ikke se at særlig mange av de som bor i byggefeltene har traktorer i garasjene sine. Det er en yrkesgruppe som bruker traktorer, og Bondelaget er involvert her.

Det er klart det er måter og ting som kan gjøres for å forhindre hærverk.

Hå-ungdommen har ikke godt ord på seg på Jernbanen. Dette kan vi heller ikke akseptere og det er mulig vi som foreldre og besteforeldre må ut og være "synlige". Foreldre på banen gjør absolutt en nyttig og god innsats, men det må kanskje kraftigere saker til og da tenker jeg på at vi må være villige til holde ut, seine kvelder og slik. Er vi mange nok går det an å fordele oppgavene.

Rune Odland



Sjakk på Varhaug

Hå skulesjakk har no teke pause.

På Varhaug skule var det i vår to aktive spelarar, og dei fekk premie for "best i skulesjakk". Ole Andreas Berge Galtvik og Sverre Næland.

På Vigrestad har det vore 8 aktive, og her har dei hatt stor framgang og fleire har delteke i BGP turneringar. Magne S. Hårr og Martin Nilsen fekk "best i skulesjakk" premier, medan dei andre mest aktive fekk "god i skulesjakk".

På bilete ser ein pokal frå sjakkforbundet til Martin Nilsen for 8. Plass i klasse Miniputt for 2007. Og Aleksander S. Håland og Magne S. Hårr med diplom for sine plasseringer.

Frå hausten vil eg sjå om me kan ha speledag tirsdag på Morland skule i staden for som no på Varhaug skule, fordi det er ein del gutar og nokre jenter på Nærbø som og likar å spele sjakk.

I lagsjakkserien for barneskular i vår (sponsa av Rotary og derfor kalla Rotary Lagsjakk)



skal ein ha finale 3. juni på Figgjo. Varhaug deltok med to lag i turneringa, og det eine skal vere med i finalen der i alt 10 lag deltek. Laget består av dei same som var med i fjor haust, Ole Andreas Berge Galtvik, Ole Madland, Kyrre Woldstad og Halvard Berge Galtvik.

Me vil kome attende til korleis det gjekk i neste nummer av Varhaugbuen.

På Jæren sjakkklubb på Bryne (tredje etasje i M44) som samlas torsdagar kl 1900 - 2130 er det plass til sjakkspelarar i alle aldrar og kjønn. Det har tatt lang tid å koma i gong, det vart ikkje noko offisiell oppstart før påske som tenkt, - men i overgangen august - september vil ein freista å etablere sjakkklubben med stiftingsmøte og val av styre før påske.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Nytt frå Misjonshuset

Snart er det sommar, og det merke ein på Misjonshuset og. I løpet av eit år er det om lag 750 store og små arrangement!. Men om sommaren vert det mest heilt stille, - berre søndagsmøter og ungdomslaget sine arrangement held fram. Men når august kjem, - så startar alt opp att. Møteveker, basarar og samlingar for ulike aldersgrupper. Men dette året vert det også teltmøter i tida 6-24. august. Sjå eige notis om desse møta annan plass i bladet. Du er velkommen innom.

Nye i leiinga

Hos nokre av dei 4 eigarorganisasjonane har det vore skifte av leiarar.

Leiarar i dei lokale laga er no:

I Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM): Torbjørn Honnemyr

I Det Norske Misjonsselskap (NMS): Njål Omland

I Normisjon: Lars Erling Friestad


I Indremisjonsfobundet: Stig Hobberstad

Stoffristar Varhaugbuen 2008

- Nr. 3 skal ut 16. september, og stoffristen er 2. september
- Nr. 4 er julenummeret og skal ut før me tenner julegrana.
- Stoffristen er difor 23. november.

Men har de noko de ynskjer å få med i bladet, kan de berre levera det til

redaksjonen etter kvart. De treng ikkje venta akkurat til fristen går ut.



Landbrukets Helse-miljø og sikkerhetstjeneste (LHMS)

Landbrukets HMS-tjeneste har som mål å redusere ulykker og yrkeslidelser i landbruket. Vi har som mål å hjelpe deg slik at du får mulighet til å oppnå økt trivsel, kvalitet og lønnsomhet i din næring. I februar 2008 ble jeg ansatt som rådgiver i LHMS og tilbyr tjenester og rådgivning i områdene Hå, Bjerkreim og Helleland.

"Ta vare på det kjæreste du har".

Et forebyggende helse-, miljø og sikkerhetsarbeid er en investering for deg og din familie. En sikrere arbeidsplass vil redusere ulykker og dødsfall i landbruket. Ved å ivareta helsa di unngår du unødvendig belastningsskader både fysisk og psykisk. Mange bønder håndterer kjemikalier og arbeider under forhold med mye støv og støy. Vi kan tilby råd og veiledning i forholdt til bruk av verneutstyr og tilrettelegging av arbeidsforhold. Vi tilbyr medlemmer å kartlegge gården og etablere gode praktiske HMS-rutiner. Gjennom helsekontakt med målretta kontroll får du rådgivning ut fra din helsestatus sett i en sammenheng med ditt yrke.

Startpakke for nye medlemmer:

1. HMS - kartlegging av gården, inkl. etablering av HMS-system for gården
2. Helsekontakt
3. Oppfølgingsbesøk av HMS-rådgiver ett år etter første besøk = første besøk i fast syklus beskrevet i medlemstilbudet

Nye medlemmer vil få kartlegging og helsekontakt innen 6 mnd. Deretter kommer du inn i en rulle-
rende tre års syklus hvor vi tar kontakt og følger opp medlemstilbudet.

Medlemstilbud:

- år 1 gårdsbesøk v/HMS-rådgiver i landbruk
- år 2 helsekontakt ved en lokal bedriftshelsetjeneste
- år 3 faglig tilbud i gruppe
- årlig informasjonsskriv
- mulighet for krisebistand

Tjenesten koster kr 1.450,- i året, tilleggsmedlemmer (ektefelle, avløyser) kr 750,-. Medlemmer får ekstra rabatt på landbruksforsikringen.

Vi hjelper også til med å ivareta ditt HMS-system hvis du har tilleggsnæring som gårdsutsalg, grønn omsorg, ridesenter osv.

Vil du vite mer?

Ta kontakt med meg eller les mer på vår hjemmeside www.LHMS.no

Ha en god sommer!

Hilsen

Eldbjørg Gundersen

HMS Rådgiver/ergoterapeut – Landbruk

Tlf. 930 41 811/51 79 95 60

eldbjorg.gundersen@lhms.no

ÅNESTAD MASKINSTASJON
Tlf. 976 70 363 - 900 81 410
**Slåing - Raking -
Pressing - Sprøyting**


*Nybygg, påbygg og
rehabilitering*
4360 Varabug • tlf. 975 21 200 • 51 43 07 34
Magnar Hellenen

HAUCK
PORTSERVICE AS
A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

Varhaugmarken 2008

Fredag

17.00	Marken åpner i gata
17.30	Barneløp
18.00	Åpning av Marken Kulturscenen i Hå; "Syng med oss" Rita Fotland m/flere
19:00	Øvelse i regi av Røde Kors Hjelpekorps
19.30	Turnoppvisning v/VIL
20.00	Silo og Saft spiller fra Scenen
21.00	Bodene stenger
21.00	Voksenteltet åpner

Lørdag

08.30	Gratis Frokost
09:00	Bodene åpner
09.00	Trekkspillmusikk fra scenen
10.00	Seniordansen
10.30	Korpset/Hå rock
11.00	Gammeldans m /gjester
12.30	Varhaugmila
13.30	Hittegodsauksjon
14.30	Lokalt innslag fra Ungdommens kulturmonstring
15:00	Marken er slutt for i år

- Det vil bli hestekjøring under marken.
- Lørdag fra 9 til 11 vil det være gatehåndball og gatefotball i regi av idrettslaget.
- Smaksprøver av flatbrødet som bygdekvinnelaget steiker begge dagane. I tillegg vil bygdekvinnelaget selja kaffi og lapper

Varhaug misjonshus

Frå programmet framover, kan me nemne:

Normisjon har stemne i hagen til Ole Andreas og Mildrid Årslund på Dysjaland søndag 8. juni kl 1400.

NMS har stemne på Varhaug søndag 17. august.

Sjå elles møteprogrammet for Misjonshuset, det finn ein på internett og møtene vert annonserte på oppslagstavler på SPAR og handelslaget og på misjonshuset.


Internettsida til Misjonshuset er:
www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndag og torsdag frå 2000 til 2100 (fram til 15/8, frå 1900 til 2100 etter 15/8) og telefon er 51430808

Velkomen til Misjonshuset

Markenskomiteen 2008

Morten Tjemsland	91 39 02 39
morten.tjemsland@varhaug.mega.no	
Håvard Skretting	51 43 02 16
Alise Ånestad	99 16 59 05
Gordon Bøe	41 50 53 67
Heidi Dubland Bø	412 76 679



Markenstilbud

Norske roser

40-70 cm

kr. **12,-** pr.stk

3 Spanske
Margeritter

kr. **100,-**



Ellers gode tilbud på div.planter

Åpningstidene på fredag kl 09.00 - 21.00

lørdag kl 09.00 - 15.00



Stasjonsv. 22, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 89 00

Fax. 51 43 89 01

Dekorasjoner – Buketter – Brudebinderi – Sorgbinderi

VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGERN DET KOMMER AN PÅ

Velkommen til vår stand på Marken

NB! Butikken har nye åpningstider:

Man., tirs., ons., fre. 0700 - 1600

Torsdag 0700 - 1800

Lørdag 0900 - 1300

Markenstilbud:


Flere dusjer og tøft, lite baderomsmøbel



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

- En av landets ledende typehusleverandører.



Har du byggeplaner? Ta utgangspunkt i et av våre kataloghus, flytt en vegg, juster et vindu eller legg til et rom. Våre arkitekter hjelper deg med å gjøre disse idèene til en realitet. Det viktigste for oss er at du får

- det du vil ha

NORGESHUS
Skrettingland
& Lobekk as

Bolig
Garasje
Rehab

Opstadvegen 641 - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 80 06 - Mob. 982 46 470
kari.sikveland@norgeshus.no

TILBUD FRA ONS. 4/6 TIL LØR. 8/6

Ferdigstekt steik

**Varme grillbein og
pannekaker kvar fredag**

Komla laga av poteter

Lever i fløtesaus

Kjøttkaker i saus

"Gyros" marinert svin

Ferdigmat:

- Koldtbord/smørbrød
- Gryterett m/salat

**Grillribbe
med/og uten
krydder pr kg**

69,-

**Svin flatbiff
marinert pr kg**

99,-

**Stort sortiment
i pølser**

10%


**Hos R. Skretting får du
det du ønsker av
norske kjøttvarer fra A til Å**

**God personlig service
får du med på kjøpet**

**Vårt faglærte personell
med kokk, butikkslakter
og pølsemaker/-
mester lager selv alt
etter egne oppskrifter**

**Kun egen-
produserte
norske
kjøttvarer**

R. SKRETTING A/S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



**Griller til ut-
lån gratis!**

**Vi tar oss også
av grillingen!**

Svolten?

*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R



Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

SPAR



Bananer

pr kg kr **5⁹⁰**

Rundstykker

frå Bakers, pr stk. kr. **1⁰⁰**

Evergood Kaffi

250 g. pr. pose kr. **14⁹⁰**

Potetkake

pr. pk. **16⁹⁰**



*Lørdag feirer me kjøpmannens 40 års dag med marsipankake og kaffi.
Vær velkommen!*

Årsmelding Varhaugbuen 2007/08

Der er ti organisasjonar som står som eigarar av Varhaugbuen. Eigarlaga er ulike i storleik og aktivitetar, noko som gjev ei spennvidd på bladet som me trur er positivt. Me har alle same mål; å skapa eit blad som verkar samlande på varhaugbuar og er med på å skapa identitet til bygda, gjennom å synleggjera kva som finst av aktivitetar og tilbod, bedrifter og organisasjonar i Varhaug. Sjølv sagt ynskjer me at fleire organisasjonar òg vil vera med i bladet framover, for der mange tenkjer ulikt, der tenkjer ein nytt!!

Styret har hatt fem styremøte i arbeidsåret, og hand-sama 22 saker.

Styret har arbeidd godt saman i arbeidsåret, og sidan redaksjonen deltek på styremøte, fungerer me som ein kreativ verkstad for bladet, der både innspel og korreksjon til bladet kjem fortløpande. Med dette samarbeidet føler styret at me klarer å handsama oppgåvene våre, som er:

Fastleggja antal nummer av "Varhaugbuen" per. år

Skaffa folk til redaksjonen og ta ansvar for denne

Leggja forholda til rette, slik at redaksjonen kan gjera ein god jobb

Halda økonomisk oversikt over bladet og skaffa til vege nok pengar til å kunna gje ut det fastlagte antalet "varhaugbuar" i året.

Skifta ut folk i redaksjonen, dersom det er naudsynt

Målet for styret har vore å gje ut 4 nummer av bladet i 2007. Me ynskjer å gje folk på Varhaug eit blad som er gildt å lesa og godt å sjå i, det skal fenga alle, anten dei er 7 eller 90 år. Bladet skal ha ei innhaldsmessig spennvidd og ha nok fargebilete til å gleda lesaren.

I 2007 har Varhaugbuen kome ut til så godt som alle husstandar i Varhaug med 4 nummer. Når årsmøtet i 2008 vert halde, har blad nummer 1 i 2008 også kome ut.

Liv Hoberstad har vore redaktør for bladet. Etter kvart styremøte spør anten Liv eller andre i redaksjonen personar som me ynskjer skal skriva om ulike tema, og folk er lette å be.

Bladet vert trykt i Jærbladet, og Liv og Jærbladet har eit samarbeid som fungerer smertefritt, til glede for alle.

Når bladet skal distribuerast til alle husstandane i Varhaug, er det redaksjonen, styret og venene deira som trør til og køyrer/går kvar sine ruter. På denne måten får me

minimale portoutgifter, og kan halda ein høgare kvalitet til lågare pris. (Døme; det kostar 12 kroner å senda ut eit blad på 12 sider, og dersom ein gangar dette talet med alle dei 1300 husstandane i Varhaug ser ein at me sparar 15 600 kroner per blad på denne måten.)

Økonomisk er målet vårt at bladet skal finansiera seg sjølv, og dei 4 nummera av Varhaugbuen har vorte finansierte med annonsar frå velvillige bedrifter i bygda vår. Me har vore bestemte på at annonsar ikkje skal dominera bladet, og dette føler me har gått greit. Ei annonse i visittkortstorleik kostar 1000 kroner og ei halvsides annonse kostar 2500 kroner. Leiaren i styret har hatt ansvaret for sal av annonsar, slik at redaktøren har kunna konsentrera seg om det redaksjonelle.

Styret tykkjer bladet vert veldig fint i fargar. Også i år la me ved ein giro, der folk kan gje gåve til bladet og teikna abonnement for utflytta Varhaugsfolk.

Med ein andelskapital på 41 261,17 kr, har bladet ein buffer som gjev trygge rammevilkår.

På grunn av det vert ført etter kontantprinsippet går ein med eit underskot på om lag 3900 kr. Annonseinntektene frå siste nummer kom inn i januar i år, på 25 500 kr. Så det er difor reelt sett eit overskot på 21 000 kroner.

Styret i 2007/2008 har vore;

Leiar:	Varhaug Bedriftsforening:	Jon Harald Håland
Nestleiar:	Varhaug misjonshus	Per Arvid Jakobsen
Kasserar:	Varhaug Bygdeungdomslag/ Svala 4H:	Jone Bryne
Sekretær:	Varhaug Bondelag/ Bygdekvinnelag:	Ingunn Helen Reiestad
Styremedlem:	Lerbrekk skule	Sigbjørn Varhaug
1.vara	Varhaug Fråhaldslag:	Sverre Ånestad
2.vara	Varhaug Skulemusikk- korps:	Steinar Malmin

Mvh Ingunn Helen

Velkommen til grill på Lerbrekk

Det går mot sommar, og tid for grillkveld
att. Torsdag 24. juli kl. 19.00 er alle velkomne
til skulen på Lerbrekk.

Det vert tradisjonelt opplegg med sal av
grill- og kaffimat, og som vanleg reknar me at
veret er med oss. Lurt å ta med stol.


Hilsen Vennelaget v/Sigbjørn



Arkivbilde

17. mai

Gratulerer med dagen!



17. mai betyr veldig mykje for meg.

Før i tida var det bare gutar som gjekk i 17.mai toget. Men nå får alle som vil vera med og gå i toget.

Det er godt at alle me er glade i kan koma. Og det er kjempe-wgildt å samlast i dag på denne spesielle dagen. Då eg var litt mindre syntest eg det var gildt med 17.mai for me vant ting. Det var spennande å vera med på konkurransar. Dette syns eg er like gildt i dag også. Og det trur eg dei fleste au gjer.

Eg er veldig takknemlig for at eg har mor og far som passar på meg og gir meg mat og klede. Og eg er veldig glad for at eg har mange gode venner eg kan vera med.

Og det er godt at eg kan gå på skule.

Me feirar 17.mai for at me har fått dette gode landet å bu i. Det hadde vore kjempeflott om alle hadde eit like godt land som me.

Gud, eg er så glad for du er med alle som trenger deg, og eg er så glad for at du har skapt eit godt land.

Om 20 år kan eg kanskje gå i eit skap og finna bilder frå når me feira 17.mai då eg gjekk på barneskulen i 5.klasse. Det vert fine minne å ha.

Eg har skrive eit dikt om denne dagen som eg vil lesa for dokke:

*Jorda er rund
Flagget er flott.
Takk for alt me har fått.
Nydelige blomster,
Nydelige trær.
Det er alt me har her.
Naturen er herlig, om sommaren særleg.
Ja, Noreg er best, og nå skal det bli fest!*

Talen Kine Hetland
i 5.kl. hadde
på Varhaug 17.mai.

Foto: Jærbladet



Vennelaget til Lerbrekk skule hadde årsmøte onsdag 26. mars

Me byrja å synga: No livnar det i lundar. Brit Obrestad var som vanlig på plass ved orgelet. Sigbjørn Varhaug hadde minneord om Sverre Varhaug. Han hadde lagt ned eit kjempearbeid for skulen. Hans O. Hobberstad og Leif Bø, begge medlemmer av Vennelaget hadde og gått bort. Alle tre vart minna.

Innkallinga til årsmøtet vart godkjent og årsmeldinga - den 10. for laget - vart opplesen og godkjent. Eirik J. Varhaug la så fram revidert rekneskap som og vart godkjent. Laget har god økonomi, og hadde over kr 100.000,- i banken nyttår. Leigeinntektene hadde auka med fleire tusen siste året.

Valet gjekk greitt unna, og det vart ikkje noko endring korkje i styret eller i reinhaldsgjengen. Alle fekk takk for eit kjempegodt arbeid.

Elles song me mange fine songar om våren, som nærma seg trass i snøen som låg på marka.

Sigbjørn fortalde litt om hisotria til Varhaug Mølle. Den første vart bygd i 1916.

Etter utloddinga til slutt var det mange som gjekk heim med både frukt, blomar og andre ting.

Me slutta kvelden med Fager kveldsol smiler.

Abb



Lensmannsgarden på Varhaug

Engasjementet rundt Lensmannsløa på Varhaug får meg til å tenkja på det kjente bilete som viser to forskjellige andlet i same bilete, der nokon vil sjå andletet av den gamle dame og andre vil sjå andletet av den unge dame. Og ingen har rett og ingen har feil – dei er der begge to!

Samfunnsutvikling er å balansera mellom å bevare og fornya, og det kan ta utruleg kort tid å riva ned det som har teke lang tid å byggja opp. Men eit tomt bygg har liten verdi enten det er nytt eller gammalt. Verdien av bygget vert skapt gjennom utforminga av bygget og estetikken, og den aktiviteten, opplevingane og samver som brukarane klarer å skapa saman i samspel med bygget sine kvalitar. Gamle bygg, som løa på Lensmannsgarden, vil ha kvalitar som ein ikkje vil kunna få i nye bygg.

Utfordringa no er å finna og foredla desse kvalitetane, ein prosess som me håper mange på Varhaug vil bidra positivt til. Lensmannsgarden med løa, hovudhuset og tunet må sjåast som eit heile. Det spesielle som Lensmannsgarden har, saman med beliggenheten og utforminga, gir mange muligheter.

I samarbeid med administrasjonen i kommunen er dugnaden i gang med å fullføra utvendig reperasjon av løa. Men kommunen ber vennelaget om å venta med å kle nordre vegg og setja opp nytt rekkverk på låvebrua til hausten til plan for utforming av 2. etasje er ferdigstilt. Vennelaget arbeider med plan for vidare restaurering av løa og framtidig bruk av Lensmannsgarden.

Vennelaget er interessert i få innspel om tankar, idear, behov og ønskjer om bruk og muligheter. Me ønskjer

å få kontakt med dykk som, på ulike måtar, vil vera med å støtta arbeidet, med å utvikla Lensmannsgarden vidare.

*for vennelaget
Anny Hagesæter*



Vedtak i Hå kommunestyre 8. mai 2008:

- 1) Løa på Lensmannsgarden vert teken vare på. Rådmannen bør ta ei synfaring og om nødvendig utbedre eventuelle faremomenter så raskt som mogeleg. Kommunen takker ja til tilbudet fra Vennelaget om å fullføre det utvendige reparasjonsarbeidet på dugnad sommeren 2008. Kommunen har ansvar for byggleiinga.
- 2) Lensmannsgarden, med huset, tunet og løa er ein del av Varhaug og Hå kommune si kulturhistorie som det er verd å ta vare på. I tillegg til barnehagebarn, må publikum, lag og foreiningar, få anledning til å bruke området. Lokalt engasjement er viktig, og kommunestyret ser svært positivt på at vi nå har fått eit Vennelag for Lensmannsgarden.
- 3) Kommunestyret ønsker å sikre ein forsvarlig forvaltning av Lensmannsgarden. Kommunestyret ber rådmannen gå i dialog bl a med Vennelaget, for å utarbeide planer for vidareutvikling av området.
- 4) Kommunestyret ønskjer at løa, tunet og huset på Lensmannsgarden skal bli ein kulturell møteplass. Det er spesielt viktig å leggje til rette for barn og unge. Kommunestyret ber om ei sak med planer for vidareutvikling av Lensmannsgarden innan 1. september 2008.
- 5) Rest kr 250.000 frå tidlegare rivingsvedtak 2005 blir brukt til sikring av løa. Kjem tilbake til vidare finansiering i budsjettet.

Kommunen har i ettertid bede vennelaget om å venta til hausten med å kle nordre vegg, og å setja opp nytt rekkverk på låvebrua til plan for utforming av 2. etasje er ferdigstilt.

Teltmøter på Varhaug

Frå 6. – 24. august 08 blir det teltmøter på Varhaug. Det er bladet "Evangelisten" som eig teltet, og stiller med talarkrefter.

Den lokale komiteener: Lars Jan Nord Varhaug, formann, Nils Terje Aarsland, nestformann, Håkon Varhaug, kasserar (Normisjon). Valfrid Haugvaldstad Kjølvik, (Misjonssamb.) Ivar Håland, (Misjonsselskapet). Astrid G. Varhaug, (IMF Varhaug). Frå Ungdomslaget var Trygve Vik med, han var ivrig og positive til arbeidet med teltet, og gledde seg til møtene skulle ta til.

Talarane er: Steinar Handeland, Per Nygard og John Hardang. Steinar Handeland skal vera med heile tida og John Hardang den siste veka.

Møteteltet skal stå på parkeringsplassen til Varhaug misjonshus.

Foreløpig er flg. sangkrefter avklart:

- | | |
|----------------|---------------------------------|
| 8. – 10. aug. | Sødalstrioen |
| 12. aug. | Varhaug Musikklag |
| 14. aug. | Evangeliesangarane
Jørpeland |
| 15. aug. | Olene og Anna Aarsland |
| 16. – 17. aug. | Flekkerøy
Sangkamerater |
| 19. aug. | Even Ydstebø |
| 20. aug. | Gunvor Krogen
Stokka |
| 22. – 24. aug. | Hanne og Vidar
Brautaset |

Sjå nærmare kunngjeringar i avis og på plakat når tida nærmar seg.

Det er mange år sidan det har vore teltmøter på Varhaug. Så det er med glede og spenning me innbyr bygdefolket til desse samlingane

Alle hjerteleg velkommen.

*"Guds ord det er vår fedrearv. Til borna skal det ganga.
Den att som kjem, lik den som kvar, ved Ordet trutt skal hanga.
Gud giv og oss den ros: Ditt ord det er vårt ljøs.
Så lenge verdi stend, Det lyse i vår grend
Som ervegull i atti."*

Elias Blix 1870



Bygdekvinnelaget

tek ferie etter Marken, og startar opp med den årlege basaren siste torsdagen i august.

Før den vil nok Liv koma rundt på ein tiggerunde etter gevinstar. Sidan responsen på dette har vore så god tidlegare, seier me berre på førehand takk.

Styret

Strikke-kafèen

har vore eit populært tiltak i kafèen på Mega. Mange har fått laga seg mykje nytt og spanande.

Måndag 1. september startar me opp att på ny. Sjå oppslag på Mega!

"For teltmøtekomiteen
Astrid G. Varhaug
sek.

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 -15



TLF 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR bank)



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Lerbrekk skulehus

Årsmelding for vennelaget 2007/08 — Melding nr 10

Bilde: Jærbladet

Æ det ikkje eit "marakkelse"? Ny rekord i år igjen. 2654 personar har notert seg i denne meldingsperioden (i fjor 2004).- Men dette er oppmuntrande i det 10- ande arbeidsåret sidan vennelaget vart starta..Og så er det som vanleg ein del som ikkje har vore innom i gjesteboka.

I denne perioden fordeler bruken av huset seg som dette:

- 20 gonger med "åpen kafe." I dette ligg salgutstillinga til Marit Storrusten, i juli, med 7 dagar, Malli Birgitte og Karsten Lode si utstilling i oktober.- 2 dagar. Karen Roed og Katharina Fischer som er her nå i mars 2008,- 6 dagar så langt.
- Grillkvelden hadde me onsdag 25. juli. Ca 80 stk. møtte.
- Elias Blix kvelden onsdag 24. oktober vart omtala som vellukka. Sigbjørn hadde brukt litt tid på å setja seg inn i Blix sitt liv og virke. Og så song me mange av dei innhaldsrike sangane hans – alle versa.
- 5. des. graudafest med full sal – der Anne Sofie og Per L. Haarr gledde oss med god forteljarkunst og fin sang. + at fjøra til "beljen" i orgelet smalt så prosten sette i eit hyl. Resten av kvelden vart "orgå" trødd med ein fot. Gangsperr??
- Fredag 28. des. var det juletefest med vel 50 stk. framført. Jon Arvid Bøchmann tala. Og song for oss med eige gitarspel.

Så over til utleige:

- 2 og ½ bryllaup. D.v s. det halve betyr etteselskap, dagen etter feiring på Klepp. 14 gebursdagsselskap. 2 konfirmasjonar. 4 barnedåpselskap. Andre typer familiesamlingar som slekt-



- streff, søskenbarntreff,vennetreff og liknande utgjør 7 samlingar. 2 minnesamver etter gravferder. 1 klassefest. "hjelp til Russland" har hatt "Glagsang"-kveld 2 gonger. Hå mållag har hatt årsmøte sitt her m/ foredrag om Per Sivle.
- Hå Histrie og Ættesogelag, møte om Svartedauden. Dei har og hatt 5 styremøter på skulen.
- Grødalandsnemda har hatt eit møte her.
- Velferdssenteret på Vigrestad har vore på besøk 2 gonger. Varhaug bygdekvinnelag har hatt 1 møte her + Julemøte i lag med Bondelaget. Kystlaget har hatt si jolesamling i år og.
- Stiftelsen Fredheim, på Klepp var på besøk og fekk omvisning og informasjon. Dei 36 som kom, kosa seg" i ein hau." – "Tenk at endå til flagget vart heist for oss," sa dei- men så var det i tillegg 8. mai.
- Hå kr. Folkeparti hadde seminar 8. november, med festsamver om kvelden
- Elles har både Varhaug Bygg og Montasje, Jærintreprenør og Jærmester hatt fagmøte her.

- Likeså eit fagmøte om reine bekker v/ Olav Gjedrem og Olav Husveg m.f.
- Nærbø bondekvinnelag var på besøk i mai. Sigbjørn fortalde litt om skulen.
- I forbindelse med Amerikabesøk på Husveg vart det bedt inn til sangkveld i lag med "Jærbeljen" 24 mai.

Ja nå har eg prøvt å gje dykk eit innsyn i kva som føregår gjennom eit år. Takk for all velvilje til kafe'opplegget, vasking rydding ugraskamp og uteanlegg m.m.m. Og at så mange av medlemmane kjem og deltek på dei forskjellige tilstellingane.

Det var onsdag 21. mars me var samla til sist årsmøte. Kjell Paul Ødegård og Kåre Varhaug underheldt med trekkspelmusikk og visesang. Eldar Odland kåserte. Me brukte denne kvelden til å markera at det var 10 år sidan Vennelaget vart starta. Det hende på dugnadsfesten 16. jan. 1997. Den kvelden teikna 23 stk. seg som medlemmar i Vennelaget for Lerbrekk gamle skule. Pr i dag har laget 129 medlemmer – Kjempeflott.

Takk til dei faste spelarane: Brit,

Varhaugbuar på maijazz



Det er nok ikkje så ofte at det er 5 stk frå Varhaug som spelar på Maijazzen i Stavanger.

I år var me med på eit opplegg som heitte Saxofon Massive. Der var det i alt 80 saxofonister som spela i lag. Av desse var der nokre profesjonelle medan dei fleste var amatører. Stykket er skrive av Andy Sheppard, som er ein engelsk saxofonist. Han var og ein av solistane. Kombinasjonen av gode

solistar og ein til tider mur av lyd frå 80 saxofoner i alle størrelser, gav eit einestående lydbilete. Under framføring av stykket på Domkirkeplassen i Stavanger var NRK og gjorde opptakt. Kanskje får me sjå ein bit i dokumentaren om Maijazz som kjem seinare i år. Skulle nokon få anledning til å være med på noko tilsvarande, så er det sterkt å anbefale.

Arnstein Skretting

Olav, Agnes + Irene, Anne Marie og Arild som trør til i mange sammenhengar.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen. Sigbjørn er med i nemda for bladet.

7. sep. fekk me besøk av Kulturstyret. Dei ynskte orientering av bruk av huset. Nemda sa seg fornøyd med det dei såg og høyrde. Aud Bratland Bø viste dei rundt.

Styret i Vennelaget har hatt 4 møter + at me snakkast underveis.

Styret i meldingsåret har vore:

Sigbjørn Varhaug
Aud Bratland Bø
Eirik J. Varhaug
Anna Hobberstad
Sverre Varhaug

Revisorar:

Øystein Bratland
Ingvar Reiestad

leiar
skrivar
kasserar
styremedlem
styremedlem
død 12.8.2007

på valg
på valg

Varhaug 25. mars 2008 — Sigbjørn Varhaug

Griselotteri

Onsdag den 11 juni kl 21 blir det trekning i griselotteriet til Varhaug Skulemusikkorps. Dette er ei viktig inntektskilde for korpsen, så me håper at de tar vel imot loddeseljarane som vil være ute på tirsdag og onsdag.

Varhaug Skulemusikkorps 50 år.

Den 27 september inviterer Varhaug Skulemusikkorps alle til jubileumsfest på Varhaug Misjonshus. Alle dirigentane som har vore opp gjennom tida vil bli spesielt innviterte, så me håper at mange vil nytta anledningen til å treffa dei og andre som var i korpsen. Det vil bli matservering, litt taler og musikk. Ein kan bestille billetter på telefon 47261162 eller sende ein e-post til trond.lye1@lyse.net. Det vil bli ein fornuftig pris på billettane.

Ved frå Misjonshuset

No er det sommar, og det er slutt med vedfyring for dei fleste. Men me er vane med at det etter sommaren kjem haust og vinter. Og då kan det vere greitt å ha noko å fyre med. Kvifor ikkje få misjonshusved?

Misjonshuset har ca 40 famnar ved til sal, ved frå både gran og lauvtre.

Og Kjell bringer det til stuedøra. Og prisen er rimeleg, 400 - 500 pr palle, med frakt innan Varhaug.


Ta kontakt med

Asbjørn Dyngeland (51430475) eller Kjell Tjemsland (51430474/95774978).

Velkomen til kjøp av ved frå Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Labb og Line dag



Velkommen til alle barna i Labb og Line Spareklubb.

Labb og Line kommer på besøk, fredag fra kl 17:00 og lørdag fra kl 10:00.

Tøm sparebøssene under Varhaugmarken og få en overraskelse. Åpent fredag til kl 20:00, og lørdag kl 10:00 - 13:00. Ikke åpent for ordinære banktjenester etter ordinær åpningstid. Det blir ballonger og annet gøy for alle barna.

Velkommen!



Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank
SR-BANK



EN TRYGG FERIE ER EN GOD FERIE

Er du klar for ferien?

Kontakt oss for gode råd om forsikring og kort.

VI SNAKKES PÅ VARHAUGSMARKEN!

TIME SPAREBANK
- for Jæren